



Får Rabben Camping lov til å vøla sanitærbygget trass i byggjeforbodet? Det skal forvaltningskomiteen ta stilling til i desembermøtet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Forvaltningskomiteen vil på møtet sitt i desember handsama klaga frå Rabben Camping på vedtaket i samme komite om forbod mot deling og byggjing i planområdet for ny igongsett reguleringsplan. Det vart opplyst frå administrasjonen under møtet i forvaltningskomiteen onsdag.**

**Spørsmålet er om Rabben skal få lov til å vøla sanitærbygget tross byggjeforbodet.**

Vedtaket om forbod mot deling og byggjing vart fatta 6. september og eigaren av Rabben Camping Steinar Myklebust bad om at klaga hans over dette vedtaket vart handsama i komiten onsdag 4. oktober. Då kom ikkje saka opp – og heller ikkje i novembermøtet.

Morten Vevatne (H) etterlyste difor saka i dette møtet og streka under at Rabben Camping er i ein problematisk situasjon på grunn av byggjeforbodet.

- Sanitæranlegget står til nedfalls, påpeika han.

Vevatne fekk til svar at administrasjonen eigentleg hadde tenkt å sette klagesaka på kartet i januar eller februar, men no hadde dei revurdert dette og ville fremja ho for desembermøtet.

I klaga skreiv Myklebust at byggjeforbodet kunne føra til sviktande omsetnad for campingplassen fordi sanitærbygningen er i så dårleg stand. Han er redd for at tyskarane reiser vidare viss dei finn at dei sanitære tilhøva ikkje er gode nok.

Myklebust skreiv og at saka gjeld vøling av sanitærbygget og ikkje oppføring av nybygg.

Han viste til at det i si tid vart sendt rammesøknad om nytt tak med mogleg bueining på det nye loftet. Han klaga her over sein sakshandsaming, fordi det tok sju månader frå motteken søknad til Myklebust fekk svar. Saka vart trenert av administrasjonen, meinte Myklebust, og la til at tiltaket feilaktig vart slege saman med anna tiltak på same eigedom.

- Tiltaket på sanitærbygget er heilt naudsynt vøling og har ingen innverknad på arbeidet slik rådmannen meiner, skreiv klagaren.

Av Ola Matti Mathisen